



Statens vegvesen

Sakshandsamar/telefon:
<Erling Hodneland / 55 51 63 55>
Vår dato: 30.03.2017
Vår referanse:

Notat

Til: Hordaland fylkeskommune
v/Samferdselsavdelinga
Frå: Statens vegvesen vegavd Hordaland
Kopi til:

Dekkeleggingsprogram for fylkesvegane i Hordaland 2017

I Hordaland er det ca. 2900 km fylkesveg. Langs fylkesvegane er det i tillegg 204,6 km med gang- og sykkelvegar. Standarden og trafikken på vegnettet varierer mykje frå høgtrafikkerte vegar i Bergensområdet til lågtrafikkerte vegar i distrikta. Alle vegane har asfalt.

Behovet for dekkelegging på fylkesvegane er stort, jfr m.a. rapporten om forfallet på fylkesvegnettet – fylkestingsak PS 104/2016. Her vart det peika på at det er trøng for over 800 mill.kr for å ta att forfallet for vegdekka/vegkroppen og sidearealet.

I samsvar med Rammeavtalen og Leveranseavtalen mellom Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen Region vest skal Statens vegvesen på fagleg grunnlag prioritere dei strekningane det skal leggast asfalt på innanfor dei økonomiske rammer som er vedteke.

For 2017 er det sett av 38,245 mill.kr til asfalt og 11 mill.kr til vegmerking. Ut frå kjente prisar på dekkelegging i regionen, har vi lagt til grunn at vi kan få lagt ca 55–60 km ny asfalt innanfor den tildelte ramma. Dette svarar til ca 1,8 % av vegnettet. Dersom denne løyvinga vert på same nivå framover, vil det gå over 50 år til neste gang det kan leggast ny asfalt på same strekninga.

Med så små løyvingar til dekkelegging vil vegnettet halde fram med å forfalle. Det er behov for minimum 90 mill.kr årleg dersom vi skal stogge forfallet.

Metode for prioritering av dekkelegginga

På bakgrunn av faglege vurdering av standarden på fylkesvegnettet vert det sett opp ei liste over kva strekningar som skal asfalterast. Jfr vedlagte liste

Vi prøver å sjå heile fylkesvegnettet i samanheng og legge asfalt på lenger strekningar og ikkje berre små korte strekk. Ved utarbeiding av konkurransegrunnlaget vert det og teke omsyn til geografisk fordeling av strekningane. Difor er det utarbeidd tre tilbodspakkar for fylkesvegane i Hordaland i 2017. Desse tilbodspakkane omfattar følgjande område:

- Bergen
- Granvin, Kvam, Samnanger, Kvinnherad, Kvam, Tysnes, Ullensvang
- Lindås, Masfjorden, Fjell, Askøy, Bergen

For høgtrafikkerte vegar – både Europavegar, riksvegar og fylkesvegar – med årsdøgntrafikk over 3000 er det måling av djupne i vegspora, jamnheit, tverrfall og årsdøgntrafikk som er hovudkriteria for val av strekningar som det skal leggast asfalt på. Vegar med størst slitasje (djupe hjulspor) vert prioritert.

For lågtrafikkerte fylkesvegar er det generell fagleg vurdering av standard på vegdekke som alder, spordeformasjonar, jamnheit, sprekker i vegdekke, setningar, steinslipp og hol/lapping. I tillegg kjem trafikktryggleik og innspel frå fagfolka i Statens vegvesen som følgjer opp driftsavtalene, driftsentreprenørane og brukarane av vegen.

Kor mykje dekkelegging vert det i 2017?

Kostnadane med å legge asfalt varierer med vegbredde og talet på køyretøy på strekninga. På høgt trafikkerte vegar er kostnaden høgare enn lågtrafikkerte vegar. På høgtrafikkerte vegar t.d i Bergen er det nattarbeid og samstundes må det organiserast vaktar og ordningar for å få avvikla trafikken på ein trafikksikker måte.

Med den løvvinga vi har i 2017 er det ikkje økonomisk rom for dekkelegging på lågtrafikkerte vegar, med unntak av der vegen er heilt nedsliten.

Statens vegvesen har lyst ut og nettopp fått inn tilboda frå aktuelle entreprenørar. Det var mellom to og fire tilbydarar for dei ulike tilbodspakkene. Dei som har det lågaste tilbodet får arbeidet under føresetnad av at dei oppfyller krava i konkurransegrunnlaget. Tilboda som er kome inn ligg ca. 2 mill.kr lågare den økonomiske ramma vi har til disposisjon. I utgangspunktet hadde vi tenkt at desse midlane kunne nyttast til dekkelegging på nokre av dei dårlegaste vegane i Nordhordland og Voss-området. Men det er og kome ønskjer frå Sykkel-VM om fornying av vegdekke på fleire strekningar.

Ønskjer frå Sykkel-VM

Statens vegvesen er kjent med at Sykkel-VM har ønskje om å få lagt mest mogeleg asfalt på dei strekningane som skal nyttast i samband med VM. Dette ønskje har vi teke med i vurderingane ved prioritering av strekningar, men vi har likevel lagt hovudvekt på dei faglege kriteria som vi nyttar elles. Det er vanskeleg for oss å prioritere dei strekningane som Sykkel-VM ønskjer framom dei vegane som mange nyttar dagleg. Er det samanfallande strekningar vil vi sjølv sagt prøve å finne løysingar.

Slitasjen på vegdekket der sykkel-VM skal gå er og stor, sidan det til vanleg er mykje trafikk på desse strekningane.

Etter utlysing av dekkeleggingskontraktane har det kome fram eit sterkt ønskje frå Sykkel-VM om å prioritere nokre strekningar. Dette gjeld spesielt følgjande strekningar:

Fv 585 Birkelundstoppen – Mannsverk – 1275 m

Fv 585 Allehelgensgate – Småstandgaten – Bryggen – ca 800 m

Fv 585 Bontelabo – Sandvikstorget – ca 1355 m

Vi har stipulert kostnaden med å asfaltere desse strekningane til ca 4,7 mill.kr.

I tillegg er det fleire andre strekningar som burde vore rusta opp, jfr vedlagte liste. Som det går fram av lista har vi prioritert dette i tre grupper. Inklusiv dei vegane som er nemnd over har vi stipulert samla kostnaden til 15,5 mill.kr.

Som nemnd over er det førebel ca. 2 mill.kr av dekkeleggingsmidlane som ikkje er bunde. Statens vegvesen vil i utgangspunktet rå til at desse midlane skal gå til dekkelegging i Nordhordland og Voss-området. Samstundes er det trøng for å utbetre dekke spesielt for dei tre vegstrekningane som er nemnd over. Tiltak på desse vegane må vi truleg gjere neste år pga. slitasje. Dilemma er at det er trøng for å gjere noko med vegdekka på fleire strekningar.

Dersom vi skal gjennomføre tiltak på dei tre strekningane på fv 585 må budsjettet aukast med ei tilleggsloyving på 2,7 mill.kr (dvs 4,7 mill.kr – 2 mill.kr ledige dekkemidlar). Alternativ er at vi må redusere nokre på dei tiltaka som står på den opphavelege lista. Reduksjonen vert gjort på strekningar i Bergen. Eit anna alternativ er at det vert gitt aksept på at vi har eit meirforbruk på dekkelegginga med 2,7 mill.kr i 2017.

Sidan det hastar med å få avklart om det er aktuelt å gjere tiltak i Sykkel-VM løypa, er det naudsynt å få ei tilbakemelding innan rimeleg tid.

Vi sender og med ei kart som viser dekkelegging for både riks- og fylkesvegane i 2017.

Vegavd Hordaland
Med helsing

Olav Finne
Avdelingsdirektør

Erling Hodneland

Vedlegg: Dekkeprogrammet for fylkesvegane i Hordaland 2017

Behov for dekkelegging i Sykkel-VM løypa
Kart over dekkelegging for riks- og fylkesvegar i 2017